

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018**

**Kjell Gitton Håland (A)** sette fram slikt forslag:

Tillegg.

«Fylkestinget meiner at Hordaland Fylkeskommune som arbeidsgjevar bør ha større fokus på å hindre fråfall og å auka sysselsetting av personar med nedsett funksjonsevne. Alle einingar i fylkeskommunen må tilretteleggjast for menneske med nedsett funksjonsevne.»

### **Røysting.**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.  
Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkestinget tek fylkesrådmannen si orientering til vitande, og sluttar seg til det vidare arbeidet.

Fylkestinget meiner at Hordaland Fylkeskommune som arbeidsgjevar bør ha større fokus på å hindre fråfall og å auka sysselsetting av personar med nedsett funksjonsevne. Alle einingar i fylkeskommunen må tilretteleggjast for menneske med nedsett funksjonsevne.

Tittelen til den øvste administrative leiar i fylkeskommunen endras frå fylkesrådmann til ein kjønnsnøytral tittel. Fylkesutvalet ber rådmannen legge fram ei sak til behandling i fylkestinget i mars 2019.